

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen Valdres næringshage	28.08.2019

Sak nr :

**RS 53-/-19****Økonomiplan rapport 2019, 1. halvår**

Valdres Natur- og Kulturpark (VNK) kjøper regnskapstenester i Nord Aurdal kommune (NAK). VNK har mange delprosjekt, og ulike finansieringskjelder, der det er bunde avsetningar frå løyvingar, men og tilsagnsbrev som utbetalast etter rapportering.

Budsjettet for 2019 vart laga i VISMA og dette gir ein god oversikt. Dei tilsette fører timelister mot prosjekt /arbeidsområde.

**Utgiftsida** (direkte frå VISMA)

Inntekter/Utgifter	Regnskap	Budsjett		Budsjett totalt
		pr.dd	Avvik	
<b>ALLE</b>	2 069 300	1	2 069 299	0
<b>Utgifter</b>	6 538 561	12 097 146	-5 558 585	18 145 717

Denne tabellen syner utgiftene pr. 26.august-19 eit mindreforbruk på kr. 5 558 585 kroner. 4 832 000 tilhøyrrer den forventanta utbetalinga til førre breibandsutbygginga. Eidsiva som fekk den kontrakten har ikkje bedde om utbetalingar i prosjektet enno. Andre avvik høyrer i hovudsak saman med at faktureringa kjem i større grad i 2. periode, i høve til periodiseringa som er gjort. Det å periodisere framdrift i prosjekt er vanskeleg, og det er fleire mindre avvik. Det er stort fokus på framdrift i høve til handlingsplan og budsjett i avdelinga, og me søkjer fortløpande å justere kursen i høve til endringane for å levere eit positivt resultat både innhaldsmessig og økonomisk.

Ved gjennomgang av dei ulike prosjekta ser me at prosjekta er i god drift og det er ikkje grunn til å melde om store forventanta meirforbruk i året. Men det er noko forskyving av arbeid, moa. forprosjektet på Klima har påverka Hytteprosjektet arbeidsmessig. Innsatsane ved Lomen stavkyrkje ventar på avklaringar hjå Statens vegvesen, jf. referatsaker. Slik det ser ut ligg det an til eit litt betre resultat enn budsjettert. Det er budsjettert med bruk av disp. fond for året på kr 432 382.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen Valdres næringshage	28.08.2019

**Inntektssida**

Reknskap	Budsjett pr. dd	Avvik	Budsjett totalt
-4 469 261	-12 097 145	7 627 884	-18 145 717

På inntektssida syner rekneskapen eit avvik på 7 627 884. Det er ikkje inntektsført venta forbruk av fondsavsetning på breiband kr 4 832 000, eller det fylkeskommunale tilskotet og mindre tilsagn frå OFK på tilsaman kr. 2 136 000. Planlagt disposisjonsfondsbruk er heller ikkje inntektsført. Med desse føringane samt auka tilsagn frå Klima og miljødirektoratet ([ref. sak RS 25/19](#)), Norske parkar ([ref. sak RS 41/19](#)), aksjon AQUA (ref. orientering 24.april og sak RS 51/19) samt ulike mindre løyvingar er inntektssida i realiteten betre enn budsjettert.

**Konklusjon:**

Det er god kontroll både på inntekts- og utgiftssida. Framdrifta i prosjekta er slik at dagleg leiar forventar både økonomisk og innholdsmessig leveranse i tråd med handlingsplan og dei justeringane som har vorte melde frå i året.

**Forslag til vedtak:**

Regionstyret tek saka til orientering

**Vedtak:**

---

sign.

Utskrift sendt til